

**Ansvarleg redaktør**  
Midttun, Sigmund .....56 53 03 21

**Disponent**  
Kløve-Graue, Astrid.....56 53 03 02

**Nettansvarleg**  
Dyvik, Jan Egil.....56 53 03 16

**Journalistar**  
Brattetveit, Ørjan .....56 53 03 28  
Geitle, Geir.....56 53 03 27  
Kvamsdal, Nils.....56 53 03 23  
Laberg, Torunn Todal.....56 53 03 17  
Rivenes, Anne .....56 53 03 18  
Steine, Brynhild.....56 53 03 19  
Tepstad, Rolf.....56 53 03 22

**Granvin/Ulvik**  
Seim, Sigrid .....56 52 54 66

**Dale/Vaksdal**  
Dyvik, Jan Egil.....56 59 62 01

**Foto**  
Herre, Sjur .....56 53 03 25/916 81 030  
Herre, Vidar .....56 53 03 26

**Marknadskonsulentar**  
Opheim, Anne Marie.....56 53 03 29  
Rekve, Arild .....56 53 03 07  
Øye, Terje.....56 53 03 04

**Abonnement/Laussal**  
Steine, Jostein.....56 53 03 06

**Sentralbord:** 56 53 03 00  
Besöksadresse: Evangervegen 32  
Postadresse: Postboks 38, 5701 Voss

E-post: marknad@avisa-hordaland.no  
E-post: redaksjon@avisa-hordaland.no  
E-post: abonnement@avisa-hordaland.no  
Internett: www.avisa-hordaland.no

# Avslappande og godt for sjela

**Berøring og lette trykk skal få deg til å slappa av og koma i meir kontakt med deg sjølv.**

Slik hevdar i alle fall brosjyren som Gulla Solstad gjev journalisten frå «Hordaland». Solstad er ferdig utdanna rosentapeut etter fem år med kurs i Oslo.

No vil ho tilby denne behandlingsmetoden til vossingar.

Men kva er eigentleg rosenmetoden?

Dei fleste set det kanskje i samband med prinsesse Märtha Louise og svigermor hennar, Marianne Behn.

Metoden sin grunnleggar, Marion Rosen, har og vore framme i norsk presse både titt og ofte, men spørsmålet mange stiller seg er nok likevel, kva gjer ein rosentapeut?

## «Helsar» på kroppen

– Det er litt vanskelig å forklara kva rosenmetoden eigentleg er, seier Solstad. Det bør opplevast.

Det er akkurat det «Hordaland» har tenkt å gjera, og eg er klar for ei behandling.

Rommet er lyst og lett, det er ingen musikk eller lys med lukter, det skal vera så «reint» som mogleg under behandlinga.

Først byrjar ho med å «helsa» på kroppen, som Solstad seier.

Eg sit på ein stol med beina godt planta i golvet, medan Solstad står bak og kjenner på nakken min.

Ho konsentrerer seg mest om den eine skuldra, sidan eg har opplyst at der har eg vondt.

– Eg byrjar ofte med litt spørsmål om korleis det står til eller om det er spesielle ting i livet til den eg skal behandla, seier Solstad.

– Rosenmetoden høver nok ikkje for alle. Til dømes ved psykisk sjukdom, hjå folk som tar tunge medisinar eller som er i ei livskrise, då passar ikkje denne metoden, seier Solstad.

Metoden skal få kroppen til å



**FØRSTE PÅ VOSS:** Gulla Solstad er den første rosentapeuten på Voss. Ho meiner at behandlinga kan gje deg ein mjukare kropp og auka bevisstgjerung.

opna seg opp og sleppa seg fri.

– Ein møter spenningar på ein mjuk måte. Når muskelspenningane løyser seg opp, aukar blodsirkulasjonen og pusten vert friare, forklarar Solstad.

Eg kjenner at ho ved lette trykk, føler seg fram til der eg har vondt og det vert varmare og varmare.

## – Skjer mykje

– Det har skjedd mykje med meg sjølv etter at eg byrja på utdanninga, seier Solstad.

Under utdanninga har studentane observert og dei har arbeidd med kvarandre.

Solstad meiner ho er vorten opnare og nærare etter ho byrja på utdanninga.

Ho pratar medan ho arbeider med skuldra mi. Ho finn punkt som ho trykker lett på og eg kjenner at noko lausnar. Eg pustar ut, og varmen frå hendene til terapeuten breier seg.

– Her var det noko, seier Solstad, og trykker på eit punkt på armen. Det gjer litt ilt, men det er faktisk mest behagelig.

– Rosenmetoden passar godt i lag med andre behandlingar, som fysioterapi eller kiropraktor, seier ho.

Ho er overtydd om at det er rom for denne behandlinga på Voss.

– Mykje av poenget med dette er at ein skal verta klarare med seg sjølv og meir bevisst, seier Gulla Solstad.

Eg kjenner at blodet strøymer ned til fingrane og at noko lausnar i nak-

ken min.

Det er avslappande og godt når ho trykker. Etter ei stund slepp ho taket og det er over.

Det er som terapeuten seier, vanskelig å beskriva kva som skjer. Armen kjennest lett etterpå, sjølv om eg seinare på kvelden fekk litt ilt i den.

Dagen etterpå kjennest armen nokså god.

Meir klarsynt kan eg ikkje seia at eg er vorten, men godt for sjela var det definitivt.

BRYNHILD STEINE | tekst  
bs@avisa-hordaland.no

## ■ Det hender i dag

### Voss Bygdekvinneslag

har møte i Fredheim tysdag kveld. Forerag om sunn livsstil ved Siv Jøssang Shields.

### Gullfjordungen Sanitetslag

startar opp etter ferien med aktivitetsskveld; «toving utan vatn».

### Bibeltime

ved Knut Kvamme i KFUK/KFUM i kveld.

## ■ Det hender i veka

### Verdsdagen

for psykisk helse vert markert onsdag, med stand på Amfi.

### Vimi-treff

på Indremisjonskafeen onsdag føremiddag.

### Pensjonistutvalet

i utdanningsforbundet skipar til møte på Vangen kafé onsdag føremiddag.

### Frelsesarmeen

arrangerer haustfest for liten og stor onsdag ettermiddag/kveld.

### Voss Folkehøgskule

startar opp att med songkveldar i Olavssalen onsdag kveld.

### Voss Barnekantori

startar opp i Vangskyrkja onsdag kveld.

### Skikveld

med foredrag av Jarle Ure på gymnasen torsdag kveld.

### Idrettsskolen

startar opp for dei yngste i ulike krinsar torsdag kveld.

### LMF

har møte på Indremisjonskafeen torsdag kveld.

## Tannklinikken

### skal pussast opp

### i 2008

**VOSS:** I fylkesrådmannen sitt budsjettkast ligg det an til at tannklinikken på Voss skal pussast opp i 2008. Driftsbudsjettet for fylket si tannhelseteneste er ført opp med 202,9 millionar kroner. Innsparinga det ligg an til i år, vert videreført og auka neste år. For å finansiera drifta i 2008, vert det budsjettert med bruk av fond på 2,5 millionar kroner, og 5 prosent auke av takstane for vaksne betalende pasientar. I fylgje informasjonstenesta i fylket, var det fleire år med betring i rekrutteringa av tannlegar, men no er situasjonen verre, særleg i Indre Hardanger og på Bømlo. Tannhelsa til born og unge i Hordaland er betra dei seinare åra, men er framleis dårlegare enn landsgjennomsnittet. Det er difor trong for å styrkja det førebyggjande tannhelsearbeidet.

## Rosa Sløyfe-aksjonen på Voss komande torsdag

**VOSS:** Torsdag 11. oktober stiller FFB Voss og Kvam utanfor Amfi kjøpesenter i samband med Rosa Sløyfe-aksjonen 2007.

Rosa Sløyfe-aksjonen i oktober er ei internasjonal folkerørsle for merksemd kring og kamp mot brystkreft. I Noreg har Rosa Sløyfe blitt markert sidan 1999. Målet er å auka kunnskapsnivået om brystkreft og å samla inn pengar til brystkreftforskning og andre brystkreftrelaterte prosjekt.

Den rosa sløyfa vert nytta for å syna solidaritet med brystkreftram-

ma. Kvart år vert om lag 2800 kvinner i Noreg ramma av brystkreft. Takka vera forskning og betra behandlingmetodar, overlever stadig fleire. Likevel dør ca 800 norske kvinner av brystkreft kvart år. Syn dei solidaritet og ber den rosa sløyfa i oktober.

Torsdag er det også folkemøte på Scandic Bergen City. Foreningen for brystkreftopererte og Kreftforeningen står saman om markeringa av aksjonane.

TORUNN TODAL LABERG | tekst  
redaksjon@avisa-hordaland.no

## Bruk av kulturhustomta

**VOSS:** Kva skal kulturhustomta nyttast til i haust og vinter, før arealet vert teke i bruk som byggjetomt for kulturhus? Sjefsingeniør Olav Bjørke sender brev med dette spørsmålet til vegvesen, jernbane, parkeringsselskap, bensinstasjon og sentrumshotell. Eit alternativ er å lata plassen liggja slik han er, utan skilting, og sjå

korleis han vert teken i bruk. Ei anna løysing er å leggja til rette for stoppeplass for trailerar og skilta for det. Alternativt kan her vera fri parkering for personbilar, eller avgiftsparkering. I sommar har Tide Buss hatt oppstilling av turistbussar på kulturhustomta, men det er spørsmål om det er behov for dette i vinterhalvåret.

## Brannavvik i Nain

**VOSS:** Brannvernet har gjennomført tilsyn i bedhuset Nain og påpeikte då fleire manglar i høve i lovverket. Det gjeld brannvarslingsanlegget, kontroll av sløkkjestyrt, branntekniske

teikningar og risikoanalysar. Nain må innan 1. november gje skriftleg tilbakemelding om korleis manglane vil verta rydda opp i.